

INFORMASJON OM KORONAVAKSINE

Volda kommune 19.01.21



Volda
kommune

INFORMASJON OM KORONAVAKSINERING 19.01.21

Vi er i gang med koronavaksinering

Vaksineringa er i gang. Volda kommune starta med vaksinering i veke 1. Volda fekk tilsendt 40 vaksiner som vart gitt til bebuarar på sjukeheimen ved Volda omsorgssenter. I veke 2 fekk Volda tilsendt 25 vaksinedosar som vart gitt til bebuarane ved sjukeheimen på Hornindal omsorgssenter og til kritisk helsepersonell.

I veke 3 skal vi få tilsent fleire vaksiner. Desse skal gå til resten av bebuarane på sjukeheim på Volda omsorgssenter og vi vil starte å vaksinere bebuarar som er over 85 år og bur i omsorgsbustad.

Prioriterte grupper som skal få vaksine først. Nasjonale mynigheiter har bestemt kven som skal få vaksine først. Dette er per no (19.01.21):

- Beboere i sykehjem og utvalgte helsepersonellgrupper
- Alder 85 år og eldre og utvalgte helsepersonellgrupper
- Alder 75-84 år
- Alder 65-74 år OG personer mellom 18 og 64 år med sykdommer/tilstander med høy risiko for alvorlig forløp
- Alder 55-64 år med underliggende sykdommer/tilstander
- Alder 45-54 år med underliggende sykdommer/tilstander
- Alder 18-44 år med underliggende sykdommer/tilstander
- Alder 55-64 år
- Alder 45-54 år

Gjer deg klar til å motta melding frå kommunen Når det vert din tur til å få tilbod om vaksine vil du få melding frå kommunen. Meldinga vil bli sendt ut gjennom helsenorge.no.

Denne løysinga er mange kjent med frå før då det er same systemet som vert brukt av fastlegane, heimetenesta og det er her dei som har tatt koronatest har fått svar på testen sin.

Får tildelt time, skal ikkje besettle sjølv.

Alle som skal få tilbod om vaksine vil få tildelt vaksinetid gjennom helsenorge.no. Når du har fått melding om time må du takke ja til tilbodet. Dette gjer du ved å logge inn på helsenorge.no eller å ringe vaksinasjonstelefonen 70 05 89 65.

Vi oppmodar om at du loggar deg inn på helsenorge.no og sjekkar at du er registrert med rett telefonnummer og e-post. Dersom du vel å få varsel på telefon vil du få melding om time på SMS.

Her registrerar du telefonnummer: <https://www.norge.no/nb/oppdater-kontaktinformasjon>

Du kan gje andre fullmakt på helsenorge.no slik at dei kan hjelpe deg med å svare digitalt.

Kva med eldre som ikkje er digitale?

Dersom du har nokon du er pårørende til eller som du er verge for, som vil ha problem med å svare digitalt, kan du hjelpe dei. Dersom de saman loggar inn på helsenorge.no så kan den du er verge for gje deg fullmakt.

Eldre over 85 år vil bli oppringt av helsepersonell f.o.m. torsdag 21. januar. Gjennom telefonsamtalen vil dei eldste få informasjon om vaksina og helsepersonell vil registrere om dei ynskjer å takke ja til å få vaksine. Når dei seinare får tildelt tid for vaksine vil vi kunne fange opp dei som ikkje svarar på tilbodet. Vi vil då ta kontakt med dei på telefon.

Vaksinasjonsstaden vert på Volda samfunnshus og Hornindal legekantor. Det vert ikkje generell vaksinerings andre stadar i kommunen.

Einskilde personar som bur heime og mottak heimetjenester vil bli vurdert om dei må få vaksine i heimen dersom det er vanskeleg å bringe dei til vaksinasjonsstaden.

Når du får tid for vaksine

- Gå inn på helsenorge.no og bekreft at du vil ha vaksine
- Bekledning – ha på deg klede som gjer det lett å nå til overarma der vaksina skal bli sett.
- Ta med gyldig legitimasjon
- Du må vente minst 20 minutt i vaksinasjonslokalet etter at du har fått vaksine
- **Vaksina er heilt gratis for alle**

Dersom du har feber må du ringe 70 05 89 65 og gje beskjed om at du ikkje kan møte til oppsett tid.

Må du flytte på timen din må du ringe vaksinasjonstelefon 70 05 89 65 (opnar 1. februar) - Opningstid 12-16 på kvardagar.

Telefonen er for å flytte timar som ikkje passar og for praktiske spørsmål. Om du har spørsmål om eigen helse og vaksinerings må du ta kontakt med fastlegen din.

Biverknader

Frå studiane som er gjort har vi god kunnskap om vanlege og mindre vanlege biverknader hos dei vaksinerte. Vi kan ikkje utelukke sjeldne biverknader som først kjem til syne lang tid etter vaksinerings. Dei fleste biverknadene oppstod dei første dagane etter vaksinasjon, og gjekk over i løpet av eit par dagar:

- Dei fleste vaksinerte får smerter på stikkstaden.
- Andre vanlege biverknader er at ein blir trøyt, får hovudverk, muskelsmerter, frysningar, leddsmerter og feber. Desse biverknadene er vanlegare etter dose 2.

- Biverknader er sjeldnare hos eldre enn hos yngre vaksne.

I dei aller fleste tilfella var biverknadene milde eller moderate. Under 5% fekk meir plagsame biverknader som var ufarlege, men som påverka dagleglivet dei få dagane det varte. Dette var vanlegare etter dose 2 og blant yngre personar. Kva gjer eg om eg får biverknader? Om du opplever uventa, kraftige eller langvarige symptom som du trur kjem frå vaksinen bør du kontakte lege eller anna helsepersonell for vurdering og råd. Helsepersonell har plikt til å melde frå om alvorlege eller ukjende reaksjonar som dei mistenkjer kjem frå vaksine. Du kan også sjølv sende inn melding via helsenorge.no

Er du helsepersonell som ynskjer å hjelpe til med vaksinasjon?

Ta kontakt med kommunen på e-post: postmottak@volda.kommune.no eller meld deg som tilgjengelig her: (<https://skjema.ssikt.no/Volda/skjema/VOL102/>).

Smittevernråda vil gjelde ei god stund til

Sjølv om vi er i gang med vaksinerings må vi halde fram med å følge smittevernråda: hald avstand, ha god handhygiene og bli heime om du er sjuk.